



Ingvill og Emmie er aspirantar denne sesongen. Bildet er frå prøveblåsinga i fjor.

Tirsdag 12. mars inviterer styret i skulemusikken til prøveblåsing for dei som har lyst å begynna som aspirantar til skulemusikken kommande sesong. Prøveblåsinga er på kjøkkenet på skulen, og det startar kl.18. Då kan dei som ønskjer koma for å få vita meir om korleis det er å vere aspirant i skulemusikken. Dei vert oppfordra til å ta med ein vaksen.

Dei som møter opp, vil få prøva forskjellige typar instrument, og det vil bli gitt informasjon om skulekorpset sin aktivitet og korleis dei vert aspirantar. Aspirantane får grunnopplæringa si gjennom kulturskulen, og det føregår på skulen like etter skuletid ein dag i veka. På samlinga vil ein også få høyre korpset som akkurat no øver til dei skal delta i Hordablæsten i Grieghallen i Bergen.

Dersom nokon har spørsmål, kan dei kontakta Monica Hermann, tlf. 906 35 493.

Det vert også informert om at det er mulighet til å få støtte til aspirantopplæringa for barn frå familiar med lav inntekt. Styret understrekar også at sjølv om invitasjonen er gått ut til 2. og 3. klasse, går det fint å byrja som aspirant sjølv om ein er eldre enn det. Det er forresten underteikna eit eksempel på! Eg var 16 år då eg tok første tonen, og etter det har eg hatt stor glede av å spela instrumentet i mest 50 år!

For dei som møter opp tirsdag 12. mars kl.18, kan det vera starten på ein kjempekjekk hobby som dei kan ha stor glede av resten av livet!!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Monica Herman